



Årsmøte
Seljord Idrettslag
27.02.2017 kl 19.21

Deltakarane frå styret: Tellef Solås, Hans Inge Hagen og Randi Øygarden

Forfall: Kai Arne Slåkvik og Adle Helen Tveiten Øya

Talet på møtte medlemmer: 20 frammøtte, inkl styremedlemmer.

Nr	Sak	Vedtak
1	Godkjenne dei som har stemmerett	Samtlege 20 frammøtte hadde stemmerett.
2	Godkjenne innkallinga, sakslista og forretningsorden	Innkalling, saksliste og forretningsorden vart einstemmig vedteke. Forslag om å promotere årsmøtet enda meir til neste år, bl.a. ved oppslag på Granvin.
3	Val av ordstyrar, skrivar og 2 medlemmer til å skrive under på protokollen	Ordstyrar Tellef Solås, skrivar Randi Øygarden, underskrift på protokoll: Inge Nilsen og Tone Langesæter.
4	Handsame årsmelding for Seljord IL for 2016 irekna årsmeldingar frå undergruppene	Gjennomgang av årsmeldinga. Årsmelding 2016 frå styret i Seljord IL vart einstemmig vedteke.
5	Handsame årsrekneskapen for 2016 til Seljord IL med revisjonsmelding	Gjennomgang av årsrekneskap med noter og revisjonsmelding. Årsrekneskap med tilhøyrande dokument var einstemmig godkjent av årsmøtet.
6	Innkomne saker til organisasjonsplanen for Seljord IL	
	a) Organisere idrettsskulen med eige styre	Ein ynskjer at dette styret skal bestå av leiar og to styremedlemmer.
	b) Representantar for aktive utøvarar mellom 12 og 16 år Seljord IL.	Forslag om å ha 2 representantar (gut/jente) frå undergruppene. Eit ungdomsstyre som består av 3-4 representantar: leiar, nestleiar, skrivar og styremedlem. Med dette håpar ein å motivere ungdomane til å ha fokus på å auke trivsel, inkludering, rettferdighet, reglement og ve og vel for alle. Årsmøtet er positive til dette, vedtatt.

	c) Dekking av utgifter til individuelle utøvarar i Seljord IL	<p>Skigruppa har kome med forespørsel om dette, ved f.eks deltakelse på hovedlandsrenn og liknande. Årsmøtet vedtek at ein kan søke hovudlaget om støtte (opp til 50 % av summen) til ekstra utgifter for enkeltutøvarar som reiser på stemne og liknande. Ein ser på dette som ein god måte å motivere til vidare aktivitet. Lag kan også søke ved for eksempel deltakelse i Norgesserien eller liknande. Dette skal inn i organisasjonsplanen.</p>
	d) Fastsette medlemskontingent og treningsavgifter	<p>Forslag om å auke treningsavgifta for idrettsskulen (13-19 år) frå kr 100,- til kr 200,-. Dette begrunnast bl.a. med at SIL har utgifter i forbindelse med innleige av instruktørar. Dette blei vedtatt av årsmøtet etter litt diskusjon. Elles som før.</p>
	e) Idrett for alle	<p>Tone Reiten etterlyser eit tilbod for dei som ikkje er direkte knytta til ei idrettsgrein, spesielt for vaksne og vaksne ungdommar. Ein plass der folk kan møtast og vera aktive. Dette mtp integrering og inkludering av flyktningar og innflyttarar. Årsmøtet vedtek at hovudstyret i SIL oppnemner ei gruppe som har som arbeidsoppgåve å skape ny aktivitet for vaksne og vaksen ungdom, som per i dag ikkje har eit tilbod i SIL. Dette skal skje ila høsten 2017.</p>
7	Innkomne saker til budsjettet. a) Bygging av garasje for løypemaskina i Raudkleiv 2017	<p>Terje Øverland er prosjektansvarleg. Totalkostnad kr 500.000. Prosjektet er fullfinansiert ved: spelemidlar (kr 165`), tilskot frå Gjensidigestiftelsen (kr 150`), eigenkapital (150`) og ved dugnad, 100 timar, (kr 35`).</p>
	b) Renovering av garderobebygget på Eventyrøy 2017-18	<p>Kai Arne Slåkvik er prosjektansvarleg. Reknar med oppstart høsten-2017, ferdigstillast ila 2018. Totalkostnad kr 2,580 mill. Finansierast ved: spelemidlar (kr 860`), tilskot frå Seljord kommune (kr 800`), eigenkapital (kr 450`) og dugnad, 1200 timar, (kr 470`).</p>
	c) Tribune og innbyttarbenkar Eventyrøy april 2017	<p><u>Tribune</u>: totalkostnad kr 190.000, søke om tilskot der ein kan.</p>



		<u>Innbyttarbenkar</u> : totalkostnad kr 30.000, dette blir ein driftskostnad.
	d) Snøscooter Raudkleiv 2017	Totalkostnad kr 100.000, søke om tilskot der det er mogeleg.
	e) Renovering treningsbanen Eventyrøy 2018	Totalkostnad kr 1,150 mill. Søke om spelemidlar i 2018. Reknestykket er satt opp slik: spelemidar (kr 380`), tilskot (kr 400`), eigenkapital (kr 340`) og dugnad, 100 timar, (kr 30`).
8	Vedta budsjett for 2017 for Seljord IL	Framlagt budsjett vart einstemmig vedteke av årsmøtet
9	Gjere følgjande val: Hovudtyret i Seljord IL: <ul style="list-style-type: none">• Leiar• Nestleiar• Kasserar• Skrivar• Varamedlem Nytt: Styret i idrettsskulen: <ul style="list-style-type: none">• Leiar• Styremedlem• Styremedlem Representantar til styret i Granvin Kulturhus AS: <ul style="list-style-type: none">• Styrerepresentant• Vararepresentant Representantar til styret i Seljord idrettsråd: <ul style="list-style-type: none">• Styrerepresentant• Styrerepresentant• Vararepresentant Representantar til styret i veglaget til Raudkleiv: <ul style="list-style-type: none">• Styrerepresentant• Vararepresentant	<p>Innstilling frå valnemnda vart presentert for årsmøtet ved leiar i valnemnda, Jon Aarbakk og er som følgjer:</p> <p>Tellef Solås, attval for 2 nye år. Hans Inge Hagen, eitt år igjen. Camilla Johansen, ny for 2 år. Randi Øygarden, eitt år igjen. Kai Arne Slåkvik, eitt år igjen.</p> <p>Hans Inge Hagen, ny for 2 år. Terje Øverland, ny for 1 år. Inge Nilsen, ny for 1 år.</p> <p>Svanhild Verpe Moen, eitt år igjen. Ingunn Ralle, eitt år igjen.</p> <p>Tellef Solås, attval for 2 nye år Camilla Johansen, ny for 2 år. Hans Inge Hagen, eitt år igjen.</p> <p>Tellef Solås, eitt år igjen. Jon Aarbakk, eitt år igjen.</p>

	Revisorar i Seljord IL: <ul style="list-style-type: none">• Revisor• Revisor Valnemnd: <ul style="list-style-type: none">• Leiar• Medlem• Medlem• Varamedlem	Olav Moen, eitt år igjen. Lena Ellingsen, attval for 2 år. Jon Aarbakk, eitt år igjen. Torill Lie Aagaard, attval for 2 år. Anne Gry Kasin, attval for 2 år. Svein Moen, eitt år igjen. Vedtak: Forslag frå valnemnda vart einstemmig vald ein for ein.
10	Utmerking og avslutning	Statuttar for tildeling av SIL-kruset vart gjennomgått. SIL krus for ekstraordinær innsats vart delt ut på årsmøtet til: Kandidat: Gunleik Kittelsaa <ul style="list-style-type: none">- Deltatt på Dyrskudugnad i 3 fulle dagar i over 30 år + rigging i forkant og nedrigg.- Vore medlem i Dyrskukomiteèn i 30 år. Ny utmerking kom i 2016: Æresmedlem av idrettslaget, som er lagets høgaste utmerking. Denne blei tidlegare i år gitt til Gunnar Eilefstjønn, Olav Kåsa, Alf Johansen og Vidar Tveiten for arbeidet dei har lagt ned i prosjekt Eventyrøy. Årsmøtet vart avslutta med ein film av hans Inge Hagen frå matsalet til Seljord IL under Dyrskun i 2016, med stor applaus og som blir lagt ut på heimesida til SIL.

Seljord 27.02.2017

Tone Langesæter
.....
Tone Langesæter

Inge Nilsen
.....
Inge Nilsen